



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Surnadal kommune

Tilsynsdato: 24.09.2015

Rapportdato : 26.10.2015

Innhold

1	BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING	3
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3	TILSYNSTEMA	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
2	HOVDINTRYKK	6
3.1	MERKNADER	7
4	VIDARE OPPFØLGING	8

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	26.02.2015 (formøte) 24.09.2015 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Bårdshaugveien 1, 6650 Surnadal
Kommunennummer:	1566
Kontaktperson i kommunen:	Råg Raness
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Ketil Matvik Foldal (tilsynsleiar) Stine Sætre
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Helge Mogstad
Førebels tilsynsrapport sendt:	05.10.2015
Endeleg tilsynsrapport sendt:	26.10.2015

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Surnadal kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar og det skal førast tilsyn med den ein-skilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynstema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2014 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyn i 2014 og 2015.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Styringsdokument for beredskap Surnadal kommune	Ikkje datert
2.	Organisasjonskart Surnadal kommune	18.06.2015
3.	Kommunal Planstrategi 2012 – 2016	08.11.2012
4.	Risiko og sårbarheitsanalyse	Ikkje datert
5.	Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014 – 2026	20.06.2014
6.	Overordna beredskapsplan for Surnadal kommune	Ikkje datert
7.	Plan for sosial- og helsemessig beredskap 2012 – 2016 generell del A	08.07.2014
8.	Smittevernplan 2012 – 2016	21.09.2012
9.	Varslingslister	23.04.2015
10.	Plan for sikkerhet og beredskap Del 1: ROS-analyse/kritiske punkt	14.06.2012
11.	Beredskapsplan for Skogbrannvernet i Surnadal kommune	31.07.2009
12.	Brann- og feiarvesenet – HMS-plan	Ikkje datert
13.	Beredskapsplan mot akutt forurensing	19.05.2010
14.	NIUA`s operative organisering	24.06.2010
15.	Statens vegvesen - Beredskapsplan Svinviktunnelen	00.11.2013
16.	Beredskapsavtale mellom Surnadal kommune og Thon Hotel Vårsøg	07.09.2015
17.	Sarbeidsavtale mellom Todalen Sanitetsforening og Surnadal kommune	25.01.2010
18.	Samarbeidsavtale om beredskap Surnadal kommune og Surnadal Røde Kors	02.05.2013
19.	Gjensidig bistandsavtale mellom brann- og redningsvesen i Halså-Rindal-Surnadal	20.02.2013
20.	Referat – ekstremveret Dagmar	09.01.2012
21.	Møtereferat – Møte i beredskapsrådet 31.10.2012	01.11.2012
22.	Evaluering etter øving mellom Surnadal kommune og Surnadal VGS 27.02.2014	Ikkje datert
23.	Evaluering og oppfølging etter øving Fårikål 2014	Ikkje datert
24.	Evaluering etter øving Fårikål 2013	31.10.2013
25.	Pipelife – Evalueringsrapport industriøvelse 15.05.2013	Ikkje datert
26.	Raset i Todalen – Kronologisk oversikt over sentrale hendingar og aktivitetar	Ikkje datert
27.	Evaluering av redningsøving 05.05.2009	22.06.2009

Formøte med Surnadal kommune vart gjennomført 26.02.2015. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 24.09.2015. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Lilly Gunn Nyheim	Ordfører	X	X	X	X
Knut Haugen	Rådmann	X	X	X	X
Råg Ranæs	Beredskapskoordinator	X	X	X	X
Helge Røv	Varaordfører				X
Anne Lise With Wullum	Prosjektleder				X
Ketil Matvik Foldal	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Stine Sætre	Seniorrådgjevar		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X			

2 Hovudintrykk

Både dokumentgjennomgangen og tilsynsbesøket viser at Surnadal kommune er medviten om oppgåver og ansvar for samfunnstryggleik og beredskap. Alle elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som gjennomtenkt, godt forankra og godt tilpassa lokale behov.

Kommunen har ein levande beredkapsorganisasjon som er øvd, prøvd og som evaluerer øvingar og hendingar. Kommunen har rutinar for faste møte i kriseleiinga og beredskapsrådet.

Heilskapleg ROS-analyse og er utarbeidd/revidert i 2015, og kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i godt forankra på strategisk nivå gjennom planstrategien og kommuneplanen sin samfunnsdel. Styringsdokument for beredskap fungerer som bindeledd mellom strategisk plannivå og operativt beredskapsplanverk.

Beredskapsplanverket er gjennomarbeidd og oppfyller alle forskriftskrav. Planen for befolkningsvarsling er den klart svakaste delplanen og bør reviderast og tilpassast ny heilskapleg ROS-analyse.

Kommunen bør også vurdere å utarbeide eit årshjul for aktivitetar i beredkapsorganisasjonen og ein meir konkret plan for opplæring av personell som har oppgåver i kommunen sin beredkapsorganisasjon.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte **ingen avvik**. Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Eitt forhold er kommentert som merknad.

3.1 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1

Fylkesmannen meiner at det er viktig at kommunen i løpet av hausten fullfører og finpussar hovudrevisjonen av dei grunnleggande beredskapsdokumenta: styringsdokument, heilskapleg ROS-analyse og overordna beredskapsplan. I tillegg til politisk handsaming bør kommunen rydde bort alle gamle dokument og bygge opp den nye dokumentstrukturen i kommunen sitt kvalitetssystem.

Kommunen bør også vurdere å revidere planen for befolkningsvarsling og å lage eit årshjul for beredskapsorganisasjonen før politisk handsaming.

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen avsluttar tilsynssaka med denne rapporten, men ber Surnadal kommune om å vurdere forholda som er påpeika som merknad etter tilsynet.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten, kan det formidlast direkte til Stine Sætre, stine.saetre@fylkesmannen.no, 71258485 / 95224419.